



Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2563 - 19/2493

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2019

Godkjenning - Løyve til endring av høgde på tremannsbustad - gbnr 10/45 Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 25/2019

Tiltakshavar: Frekhaug Utbygging AS
Ansvarleg søkjar: Byggmester Knut Henanger AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra høgdeplassing i samband med oppføring av tremannsbustad på gbnr 10/45 på Holme. Opphavleg godkjenning vart gjeve i sak DS 317/2018 den 03.12.2018.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 09.01.19. Maks. møne/gesims høgde på tremannsbustad aukar med 0,8 m og vert omsøkt på kote +66,8 i samsvar med teikningar motteke 08.02.19.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt endring har vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd. Det kom ingen merknad frå naboar i saka. Kopi av nabovarsel om endringa vart motteke her den 15.01.19 og 10.02.19.

Byggverket si plassering:

Det følgjer av pbl § 29- 4 første ledd at byggverket si plassering skal godkjennast av kommunen. På bakgrunn av vedlagte nye teikningar kommunen godkjenner endra møne/gesimshøgde på tremannsbustad som omsøkt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

